

Programstyremøte russisk 2.11.2023

Rom: Seminarrom 217, HF-bygget

Til stades: Brita Lotsberg Bryn, Margje Post, Ingunn Lunde, Melanie Grønning (studentrepresentant), Annelen Horsås (sekretær/referent)

Saksliste:

- **Saksliste og innkalling godkjend**
- **Orienteringssaker (Ingunn orienterte)**
 - Halvdagssamling for fagkoordinatorar gjennomført. Rutinar for instituttet og samarbeid mellom fagmiljø og studie/eksamenskonsulent vart diskutert
 - Ny koordinator for fagutvala på IF – Christine Fagg
 - Fagmiljøa positiv til å ta del i UiB UNG samarbeidet med vgs. i Bergen
 - Positivt dialogmøte om prosjektet «fokus på samarbeid» på HF.
 - Fram – to institutt ved HF har hatt pilotprosjekt for å betra arbeidsvilkåra for vitskapelege tilsette. Ulike tiltak har vorte testa ut, både på strukturelt, gruppe-, og individnivå.
 - Studieporteføljeprojekt – HF skal gå gjennom studieporteføljen sin, med mål om forenkling, auka arbeidsrelevans, rekruttering og gjennomføring. Første møte med fagkoordinatorane ved HF har funne stad.
 - Ingunn minna om konsert og open førelesing for studentane 24.november. Melanie foreslo at gruppa kan gå ut og eta saman før konserten.
 - Arrangement på Litteraturhuset 27.november, kl.19.00 – To Write About War: A poetry evening with Iryna Shuvalova

Sak 2: Treårsevaluering RUSPZ132, RUS120, RUS121

RUS120: Tredje siste ord i evalueringa skal vera «arbeider» Godkjend

RUS121 – Godkjend

RUSPZ132 – Godkjend

Sak 3: Emneevalueringar frå våren 2023

RUS240 – Godkjend

RUS251 – Godkjend

RUS303 - Godkjend

Sak 4: Ny ekstern fagfelle fra 2024

UiT har hatt jobben dei siste åra, difor forslag om å spørja kollegaer frå UiO. Forslag: Atle Grønn. Knut Andreas Grimstad eller Trond Nordenstam ved UiO som reserve.

Sak 5: Oppstarts-faglig-sosialt for RUSSBA2023-kullet + alle russiskstudenter i januar '24

Forslag om korgefest på HF-bygget for alle interesserte russiskstudenter, 19.januar 2024. Brita organiserer.

Generell diskusjon rundt det fagleg-sosiale miljøet på russisk og korleis studentane kan motiverast til å ta del i ulike arrangement, også med tanke på drop-ut tala.

Melanie: Den totale belastninga er ofte grunnen for at studentar sluttar på studiet. Forslag om å endra enkelttimane i munnleg russisk til ein dobbelttime i veka, for å gjera undervisninga meir kompakt og gje studentane meir samanhengande tid til sjølvstudium.

Sak 6: Eventuelt

- Utlysing av Ph.d. stipendiatstillingar- forskarmiljø kan søka om støtte. Diskusjon rundt bruk av argumentasjon i søknad(ar).
Bruk av Madam Curie-postdoc – stillingar gjev også moglegheit for rekruttering.
- Tips frå faglærarane om å bruka ordnett.no (russisk ordbok), med innlogging via Feide.
- Diskusjon rundt lesepensum på russisk i dei ulike emna. Per no les studentane tekstar på russisk i RUS120, samt delvis på SEK100/SEK600. Evt. behov for meir lesing på russisk også i andre emne for å utvikla språkkunnskapane nok.